

ALVER KOMMUNE
Postboks 4
5906 FREKHAUG


Att.Øystein Hafnor Kolstad

Dato	14.04.2023
Vår referanse	2023/56208-3
Dykkar referanse	
Sakshandsamar	Sigrun Wølstad
E-post	Sigrun.Wolstad@vlfk.no
Telefon	96944535

Varsel om kulturhistorisk synfaring - Nydyrkning - gnr. 493 bnr. 3 - Straume - Alver kommune

Me viser til brev datert 30.03.2023 med vedlegg, dykkar saksnummer 20/19135 - 23/25211 og : 20/19140 - 23/25214. Søknadane gjeld plan om nydyrkning på Straume gnr. 496, bnr. 3, i Alver kommune. Seksjon for kulturarv i Vestland fylkeskommune har vurdert saka som regionalt kulturmiljømynde.

Nydyrkninga gjeld to separate areal, eit på litt under 10 dekar og eit på 50 dekar (sjå figur 1).




Figur 1. Bilde til venstre nydyrkning ca 10 dekar, bilde til høgre nydyrkning ca 50 dekar.

Vi har i dag ikkje kjennskap til automatisk freda kulturminne eller andre kulturminne med høg verneverdi i areala omfatta av søknadane. I omkringliggjande areal er det påvist eit stort tal arkeologiske kulturminne. Nokre av desse er utgravne av Universitetsmuseet i Bergen, blant anna lokaliteten «Kotedalen» der omfanget av funn er av særskilt viktig betydning innan Skandinavisk steinalder arkeologi.

Ut frå potensiale for nye funn frå steinalder i tiltaksområda, må vi gjennomføre ei synfaring før vi kan gje fråsegn til nydyrkninga. Ved synfaringa vil ein vurdere om nydyrkninga kan kome i konflikt med hittil ikkje registrerte automatisk freda kulturminne, og ta stilling til om det er naudsynt med ei arkeologisk

registrering for å få oppfylt undersøkingsplikta etter § 9 i kulturminnelova. Synfaringa vil bli gjort så raskt som råd.



Figur 2. Arkeologiske lokalitetar i området, vist med rune R.

Med helsing

Karoline Hareide Breivik
leiar
KFO - Arealplan (Førde)

Sigrun Wølstad
seniorrådgjevar
KFO - Arealplan (Førde)

Brevet er elektronisk godkjent og har difor ingen handskriven underskrift